



Utv. saksnr.	Utval	Møtedato
3/2026	Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning	28.01.2026

Revisjon av lokal forskrift om adgang til jakt etter elg, hjort, rådyr og bever og fastsetting av fellingsavgift i Vågå kommune

Vedlegg

- 1 Forskrift om minsteareal for hjortevilt og fastsetting av fellingsavgift (1)

Saksframlegg:

Bakgrunn for høyringa:

Den 1. juli 2026 vil viltressursloven (lov 20. juni 2025 nr 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv.) tre i kraft. Frå same tidspunkt vil dagens viltlov (lov 29. mai 1981 nr 38 om jakt og fangst av vilt) bli oppheva. Viltressursloven vidarefører kravet i viltlova om at kommunen må fastsetje forskrift for å opne for jakt på elg, hjort og rådyr, og for fastsetjing av minsteareal (viltressursloven § 42). Vågå kommune har lokal forskrift som opne for jakt på hjortevilt og som fastsett minsteareal. Desse vil bli vidareført, men det vil også bli opna for jakt på bever.

Satsane for fellingsavgift har i hovudsak blitt fastsett av kommunen innanfor ramma fastsett av kongen jf. viltlova § 40. Når viltressursloven trer i kraft 1. juli 2026, blir det innført eit nytt krav om at kommunar som ønskjer å fastsetje og krevje inn fellingsavgift for kvart dyr som blir felt av elg og hjort, må gjere dette gjennom forskrift, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd. Fellingsavgiftene skal fastsetjast innanfor dei rammene som er vedtekne av Stortinget.

Vurdering:

Vågå kommune har hatt fellingsavgift som samsvarar med maksimal, sats som landbruksdirektoratet sett, med unntak av fellingsavgift på hjortekalv. For å stimulere til auka uttak av hjortekalv vart satsen sett til kr. 0,- i 2023. Statestikk frå hjorteviltregisteret viser at dette ikkje har vore eit tiltak som har ført til særleg auke i uttaket av kalv, jf. tabell nedanfor.

År	Felt hannkalv	Felt hokalv	Sum
----	---------------	-------------	-----

2017	10	7	17
2018	3	7	10
2019	11	9	20
2020	8	8	16
2021	6	12	18
2022	11	16	27
2023	9	12	21
2024	17	15	32
2025	11	11	22

Ettersom det er krav om fastsetting av sats gjennom forskrift er det ikkje så enkelt å endre på satsane frå år til år som det har vore tidlegare. Ut frå at uttaket av hjortekalv ikkje har auke særleg mykje og det vil vere vanskelegare å justere fellingsavgift frå år til år, så meiner kommunedirektøren at fellingsavgifta bør vere lik som maksimalsats fastsett av landbruksdirektoratet. Vågå kommune har også behov for å auke inntektene til viltfondskontoen og fallviltoppdrag og det er slik sett riktig å innføre fellingsavgift på hjortekalv. Ved å følgje satsen til landbruksdirektoratet vil kommunen få om lag kr. 7 000 til 10 000,- i årleg inntekt frå felt hjortekalv.

I gjeldande forskrift om minsteareal er det opna for jakt på elg, hjort og rådyr. Kommunedirektøren meiner at det ved revisjon bør innlemmast at det kan opnast for jakt på bever. Jakt på bever må fastsettast gjennom forskrift, anten eigen forskrift eller saman med forskrift om jakt på elg, hjort og rådyr. I Vågå kommune har det tidlegare ikkje vore opna for jakt på bever og kommunen har difor ikkje ei eiga forskrift som regulerer dette. Kommunedirektøren meiner at dette bør innlemmast i forskrifta når ho blir revidert ettersom bestanden av bever er aukande. Bever er også eit dyr som kan gjere stor skade og det kan vere nødvendig å ta ut slike dyr. Desse dyra bør takast ut gjennom bestandsregulering og ikkje skadefelling. Kommunen må da ha ei forskrift som opne for beverjakt. Sjølv om kommunen opne for beverjakt gjennom forskrift må det utarbeidast kommunale målsettingar som styrer berekraftig bruk og regulering av bestanden. Jamfør forskrift om forvaltning av bever § 2 bør kommunar med felles vassdrag med bever samarbeide og koordinere forvaltninga. Det er difor tenkt eit samarbeid med Sel kommune her.

Kva er nytt:

Følgjande er lagt til i forskrifta som no vert lagt ut på høyring:

«Kapittel 3. 1. Fellingsavgift for elg og hjort skal fastsetjast til maksimal sats i samsvar med statlege føresegner. Satsane skal til ei kvar tid vere i tråd med dei rammene som er vedtekne av Stortinget gjennom årlege budsjettvedtak.

Det er ikkje gjort nokon endringar i minsteareal da minstearealet var revidert i 2023 og det er ikkje behov for å endre dette. Det er gjennom forskrifta opna for beverjakt med teljande vasslengde på 10 km.

Kommunedirektøren si innstilling:

Forslag til ny lokal forskrift om adgang til jakt etter elg, hjort, rådyr og bever og fastsetting av fellingsavgift i Vågå kommune blir sendt på høyring i fire veker.

Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning si behandling av sak 3/2026 i møte den 28.01.2026:

Behandling

Samrøystes

Vedtak

Forslag til ny lokal forskrift om adgang til jakt etter elg, hjort, rådyr og bever og fastsetting av fellingsavgift i Vågå kommune blir sendt på høyring i fire veker.